



Vang kommune
- vilt og vakkert



Årsberetning jfr kommunelova §14-7

Rekneskapsåret

2023



Årsberetning 2023 jf. Kommuneleva

Alle kommunar skal utarbeide årsmelding, jamfør kommunelova § 14-7. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentarar til budsjettavvik knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen. Formannskapet innstiller til kommunestyrevedtak om årsrekneskap og årsmelding, og kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret før vedtak vert fatta.

Økonomiske nøkkeltal

Samanlikninga med andre kommunar og tidlegara års kostrapportering og gjennomsnittet i Innlandskommunane viser at Vang kommune har relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Dette er i hovudsak grunna kraftinntekter, mellom anna konsesjonsavgifter. Historiske rekneskapstal over tid viser at Vang kommune har hatt relativt høgt kostnadsnivå innan drift på enkelte tenestoområde. Kommunen har vore merksam på at konsesjonsavgiftene som kommunen får inn kan bidra til langsiktig trend med mykje høgare utgifter enn ordinære inntekter.

Årsrekneskapen for 2023 viser eitt netto driftsresultat 14,5 mill kr mot 50,3 mill kr i 2022 og 40,8 mill kr for 2021.

Netto driftsresultat for 2023 utgjer 4,5% av brutto driftsinntekter – målsetting 3,5%

Disposisjonsfondet utgjer

Nøkkeltal		Oppnådd	Resultatmål
Netto driftsresultat	14,5 mill	4,5	3,5
Disposisjonsfond	83,2 mill	25,8	15
Lånegjeld eksl VA	150 mill	46,7	70
Lånegjeld totalt	232,3 mill	72,4	

nemner er brutto driftsinntekter på 321,2 mill kr

Kommentarar til budsjettavvik

Generelt er årsrekneskapen for 2023 prega av vesentlege inntekter frå kraftforvaltninga, gode skatteinntekter og vesentlege tilskott knytt til flyktningeordninga .

Nedanfor følger kommentarar til vesentlege budsjettavvik pr etat.

Ansvar 10- Politiske organ

Samla sett viser rekneskapen for 2022 utgifter på 3.163.640 kr (3.209.787 kr i 2021) relatert til politiske organ inkl kontroll og revisjon samt overføring til Valdres Næring og Kulturpark. Samla mindreutgift på området er 382.957 kr som fordeler seg med 255.555 kr for politiske organ og 127.402 kr relatert til revisjon etc i forholdet til budsjettet for 2022.

Ansvar 11 og 12 - Kommunedirektøren og stab – fellestenester

Rekneskapsområdet for stab og kommunedirektøren viser til samla utgifter på 17.178.261 kr for 2023 som utgjør 376.598 i netto meirutgift i forhold til budsjett.

Avviket er i hovudsak grunna i følgjande forhold :

10 -politiske organ kontroll/ revisjon

- Meirutgifter knytt til godtgjersle til folkevalde på 236.786 kr
- Mindreutgift knytt til revisjon og kontrollutval 190.498 kr
- Meirutgifter til aktiviteter for barn og unge 76.325 kr
- Andre meirutgifter knytt til møter / IKT-utg 230.115 kr

11 Kommunedirektør og stab

Netto meirutgifter knytt til kommunedirektør og stab er knytt til høgare utgifter til lisensar, konsulentbistand enn føresett i budsjettet for 2023.

	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
1 Sentrale politiske og adm organ				
10 Sentrale politiske organ	3 604 024	3 248 296	355 728	3 163 640
11 Kommunedirektør	1 702 732	1 775 055	- 72 323	1 536 162
12 Stab	12 627 140	12 533 947	93 193	9 491 830
Sum 1 Sentrale politiske og adm organ	17 933 896	17 557 298	376 598	14 191 633

Utdanning og Kultur

Etaten hadde eit netto meirforbruk på 939.711 kr i forhold til budsjett. Det vesentlege avvik og forskyvningar innan for etaten. Meirutgifter innan grunnskulen meir lønsutgifter enn føresett i budsjettet . Dette er delvis kompensert i samband med meirinntekter frå inntekter frå flyktingeordninga og mindreutgifter frå andre områder i etaten. Det var og vesentlege meirutgifter knytt til Vang kommune sin andel av interkommunale PP tenesetn i 2023 enn føresett i budsjettet.

2 Utdanning og Kultur		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
20	Kommunalsjef Utdanning og Kultur	5 888 511	5 127 850	760 661	6 281 608
22	Grunnskulen	34 554 080	31 443 926	3 110 154	27 273 570
25	Barnehager	17 180 556	17 845 722	- 665 166	14 603 261
26	Kultur	11 069 653	11 297 907	- 228 254	8 838 593
27	Vaksenopplæring *)	- 4 813 755	- 2 809 979	- 2 003 776	- 1 769 928
28	Bufelleskap flyktningar	2 357	29 000	- 26 643	83 140
29	Frivilligsentralen	502 112	509 377	- 7 265	640 050
	Sum 2 Utdanning og Kultur	64 383 514	63 443 803	939 711	55 950 295
*)	<u>inkl flyktningstenester</u>			-	

26 Kultur		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
205	Kulturadm	2 914 380	2 940 840	- 26 460	2 538 837
209	Kyrkjelege Fellesråd	4 695 819	4 684 000	11 819	3 428 204
211	Vang folkebibliotek	1 799 914	2 054 352	- 254 438	1 600 403
290	Vang kulturskule	1 659 540	1 618 715	40 825	1 271 149
	Sum 26 Kultur	11 069 653	11 297 907	- 228 254	8 838 593

Budsjettavviket innan kultur er i hovudsak grunna mindre IKT utgifter og andre utgifter på Vang folkebiblioteket enn budsjettet for 2023

Helse og omsorg

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto meirforbruk 13,3 mill kr. 4,7 av dette meirforbruket er knytt til interkommunale tenester som f.eks barnevern, legevakt og andre tenesgter på VLMS.

Det har vore generelt eitt stort press på tenestene i etaten. Om lag 2 av flytkningeinntektene som er bokført på etaten Utdanning og Kultur kan knytast til utgifter i denne etaten.

Meirforbruket er knytt til auke i tenestebehov enn det som er føresett i budsjettet derav meir utgifter til løn og kjøp av tenester av andre kommunar innan tilrettelagte tenester.

Auke i pensjonsutgiftene er og ein faktor som har git meirutgifter i etaten.

3 Helse og omsorg		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
30	Kommunalsjef HO	6 625 845	7 717 913	- 1 092 068	6 299 516
31	Helseavdelinga	7 717 577	6 737 805	979 772	5 483 691
32	Vang legekantor	5 726 684	5 158 831	567 853	5 540 769
36	VHT	48 764 990	42 464 587	6 300 403	40 840 474
38	Tilrettelagte tenester	25 125 356	23 219 910	1 905 446	20 675 538
39	Interkommunale tenester	11 209 758	6 510 000	4 699 758	7 392 001
	Sum 3 Helse og omsorg	105 170 211	91 809 046	13 361 165	86 231 988

36 VHT		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
320	Vangsheimen langtid	27 782 902	23 190 528	4 592 374	22 166 127
321	Korttid- og heimetenester	19 650 782	17 895 224	1 755 558	17 442 953
322	Vangsheimen dagsenter	717 365	710 263	7 102	692 552
323	Dagaktivitetstilbod heimebuande demer	613 942	668 572	- 54 630	538 841
Sum 36 VHT		48 764 990	42 464 587	6 300 403	40 840 474
39 Interkommunale tenester		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
307	NAV	3 304 996	2 968 000	336 996	2 449 800
308	Barnevern	5 698 649	3 542 000	2 156 649	2 748 739
329	VLMS intermed avd	2 206 113	-	2 206 113	2 193 462
Sum 39 Interkommunale tenester		11 209 758	6 510 000	4 699 758	7 392 001

Landbruk og teknisk

Årsrekneskapen for i etaten viser samla sett meirforbruk på 3,0 mill kr . Rekneskapen viser til netto meirinntekter innan byggesak og oppmålingsgebyr i 2023 på 1 mill kr.

Elles er det meirutgifter innan del andre områda i etaten av ulike grunnar.

Innan ansvaret for kommunale bygg og vedlikehald vart det meirutgifter knytt innleige av husvære til blant anna flyktingar , til brøyting mm enn føresett i budsjettet for 2023.

Vidare vart med mindre utgifter til vedlikehald på kommunale bygg til til veg og bustadfelt . I tillegg til dette vart det resultatmessig effekt med netto avvik innen VA på grunn av mindre kapitalkostnader som skal til dekning innan sjølvkostrekneskapen innan VA i 2022 enn budsjett.

Sjølvkostrekneskapen for 2023 gikk i eitt samla underskott med nær 7 mill kr som kun vart delvis positive fond frå tidlegare år med 3,2 mil. Resten av beløpet er å finansiere innan drifta i 2023. Rekneskaptekniske underdekning mot budsjettet i 2023 vart på 1,6 mill i etaten.

Innan landbruk og miljøforvaltnina har det på påløpt 0,7 mill kr i netto meirutgifter knytta eim utgreiing av vassmiljøplan på 0,3 mill og 0,4 mill knytt til andre forhold som f.eks meir utbetalt tilskott enn føresett i budsjettet for 2023.

Innan brann og feievesen har det påløpt en del meir utgifter i samband med Vang kommune sin andel av interkommunale utgifter til brannførebyggande tiltak i 2023.

4 Landbruk og Teknisk		Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
40	Kommunalsjef Landbruk Teknisk	3 413 972	3 353 618	60 354	3 190 531
41	Plan , kart, oppmåling og byggesak	3 963 815	4 973 528	- 1 009 713	2 502 113
43	Kommunale bygg og vegar	15 210 295	14 076 952	1 133 343	11 486 795
44	Bustadfelt og tomter	143 739	25 000	118 739	- 9 130
45	Vatn og Avløp	- 4 956 426	- 6 557 838	1 601 412	- 6 492 261
47	Landbruk	3 410 652	2 713 785	696 867	5 833 791
49	Brann og feietenester	3 719 857	3 260 000	459 857	3 280 455
Sum 4 Landbruk og Teknisk		24 905 905	21 845 045	3 060 860	19 792 293

Kraftinntekter, skatt og utbytte frå kraftsektoren

Resultatet frå kraftforvaltninga vart svakare enn budsjettert og samanlikna med året 2022.

Det vart gitt 3.392.580 kr i i 2023 som fordeler seg med 2.664.000 til fastprisordning for næringslivet og 728.580 kr til straumstøtte overfor hushaldingar og landbruk.

Kommunen har oppnådd større inntekter knytt til eigedomsskatt enn budsjettert på grunn av nye anlegg som for eksempel Ala -og Rysna kraftverk.

Gevinstane frå sal av konsesjonskraft vart vel 20 mill lågare enn budsjettert i 2023 og 14,6 mindre enn tilsvarende inntekt i 2022.

Renteinntekter overført frå Jotunkraft relatert til sak av konsesjonskraft i 2023 vart underbudsjettert som er bakgrunn for meirinntekter i renter på dette området.

Inntekter frå kraftsektoren inkl skatter	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
Konsesjonsavgift	24 063 785	23 600 000	463 785	24 063 785
Eigedomsskatt	8 608 982	6 200 000	2 408 982	5 163 584
Naturressursskatt	6 260 386	6 600 000	- 339 614	6 447 650
Konsesjonskraft og fallerstatningar	44 851 172	65 000 000	- 20 148 828	59 506 873
Andels -og rettighetskraft	16 034 148	17 000 000	- 965 852	15 983 959
Renter av ansvarleg lån i Vang Energiverk A/S	3 427 999	800 000	2 627 999	2 325 839
Utbytte frå Jotun Holding A/S	-	4 000 000	- 4 000 000	2 325 839
Utbytte frå Innlandet Energi Holding A/S	858 355	500 000	358 355	334 236
Sum inntekter	104 104 827	123 700 000	- 19 595 173	116 151 765
Utgifter innan kraftsektoren				
Møteutgifter	999	-	999	-
Opplæring / kurs	6 690		6 690	400
Medlemskap i LVK etc	399 878	400 000	- 122	409 678
Skatter - andelskraft	3 296 206		3 296 206	3 633 706
Straumstøtteordningar (budsjett i kap næring)	3 392 580		3 392 580	-
Sum utgifter	7 096 353	400 000	6 696 353	4 043 784
Netto	97 008 474	123 300 000	- 26 291 526	112 107 981

Pensjonsutgifter

I samband med lønsoppgjøret for 2022 og 2023 vart det auke i grunnbeløpet i pensjonen. Dette saman med andre forhold gjort at det vart sers høge utgifter til pensjon i 2023.

Jfr rekneskapsreglar kan denne meirutgifta bli utlikna over 7 år derav bokføring av premisavvik som inntektsføring som utliknar ein del av utgifta i 2023.

Dette resulterte i store avvik i etatane medan utklikna av dette er bokført under fellesområdet finans i rekneskapen for 2023.

Pensjonskostnader	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
1090 Premieavvik				
9 Bruk - og avsetning av fondsmiddel	- 13 886 833	- 5 000 000	- 8 886 833	- 2 858 475
Sum	- 13 886 833	- 5 000 000	- 8 886 833	- 2 858 475
1091 KLP				
1 Sentrale politiske og adm organ	1 371 834	1 200 017	171 817	796 247
2 Utdanning og Kultur	6 305 996	4 739 661	1 566 335	3 504 563
3 Helse og omsorg	16 418 179	9 490 864	6 927 315	9 920 782
4 Landbruk og Teknisk	2 764 333	2 307 436	456 897	1 628 229
Sum	26 860 342	17 737 978	9 122 364	15 849 821
1092 Statens pensjonskasse				
2 Utdanning og Kultur	2 938 899	2 094 869	844 030	1 206 928
3 Helse og omsorg	1 151	32 000	- 30 849	-
sum	2 940 050	2 126 869	813 181	1 206 928
TOTALT	15 913 559	14 864 847	1 048 712	14 198 274

Investeringar

Investeringsrekneskapen for 2023 viser brutto investeringsutgifter inkl utgifter til andelksinnskott i KLP på 87,8 mill derav er 56,3 mill finansiert med lånemiddel.

Investeringane fordeler seg med 59,5 mill kr til VA –anlegg og 28,3 mill kr til andre investeringsprosjekt. Investeringar innan VA-sektoren har vore knytt til sentrale deler i Vang og ved Tyinkrysset. Det største prosjektet ved Tyinkrysset er etablering av nytt høgdebasseng på Grøvtølen.

Det er bokført 11,6 mill i investeringsutgifter knytt til rehabilitering av kommnehuset i 2023. Dette prosjektet er føresett ferdigstilt hausten 2024. Budsjetterte prosjekt som ikkje har vorte iverksett i 2023 er føresett re-budsjettert inn i året 2024.

Tabellen nedanfor viser investeringsrekneskapen spesifisert på prosjekt og finansiering.

jfr §5-5 B investeringer	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Budsjett 2023	Regnskap 2022
Finansiering				
670 Sal fast eigedom	- 1 633 600	- 2 000 000	- 2 000 000	- 245 000
729 Mva-kompensasjon	- 4 739 135	- 3 975 400	- 3 975 400	- 2 921 148
730 Refusjon frå fylkeskommunar	- 45 072	-	-	- 180 000
770 Refusjon frå andre (private)	- 497 956	-	-	- 77 918
910 Bruk av lån	- 56 331 600	- 56 331 600	- 56 331 600	- 10 803 037
912 Bruk av lån til videreutlån	-	- 500 000	- 500 000	-
920 Motteke avdrag på utlån	- 249 000	-	-	- 210 000
922 Motteke avdrag på lån til videreutlån	- 98 854	- 20 000	- 20 000	- 410 081
950 Bruk av bundne inv.fond	- 62 964	-	-	-
970 Overføring frå driftsdelen	- 24 172 809	- 49 975 000	- 49 975 000	- 11 060 005
Sum finansiering	- 87 830 989	- 112 802 000	- 112 802 000	- 25 907 189

jfr §5-5 B investeringer		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2 023	2 023	2 023	2 022
42	Kjøp/sal av bilar	579 000	1 500 000	1 500 000	565 958
110	KLP - egenkapitalinnskot	637 661	600 000	600 000	572 238
115	Kjøp av maskinar	199 957	-	-	-
125	Startlån	226 230	750 000	750 000	248 425
250	Digitalisering av arkiv	589 914	650 000	900 000	325 899
275	Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	4 439 043	3 000 000	3 000 000	8 914 648
283	Ny heis kommunehuset	-	-	-	125 673
284	Rehabilitering av kommunehuset	11 584 612	7 000 000	15 000 000	414 526
287	Ryfoss bustadfeldt	-	-	-	1 786 525
288	Leikeapparatar - VBU	1 109 887	-	-	343 305
297	IHT -velferdsteknologi	225 125	1 800 000	1 800 000	99 387
220	Tettstadutvikling Vang sentrum	-	500 000	500 000	-
307	Vangsgheimen -strøsandlager	-	2 477 000	2 477 000	222 835
316	Lund - asfaltering	116 240	1 700 000	1 700 000	165 531
317	Ombygging Vangsheimen	-	-	-	845 394
318	Klyppeaggregat	-	-	-	950 813
319	VBU aggregat i svømmebasseng	2 143 881	2 200 000	2 200 000	204 325
320	Trafikksikringstiltak ved barnehage	-	1 200 000	1 200 000	-
321	Avkjøring ved coop	410 279	875 000	875 000	-
324	ENØK tiltak	1 151 493	2 000 000	2 000 000	324 989
325	Miljøteneste - dokumentasjonssystem	-	-	-	134 375
327	Kommunalt investeringsregnskap-aksjer	-	15 000 000	15 000 000	-
328	Prosjektering kommunale bustader	-	1 000 000	1 500 000	-
330	Medisinsk utstyr	588 057	450 000	450 000	-
331	Vangstunet-biblioteket osv	-	300 000	300 000	-
332	Vangshallen-akustikktiltak	-	400 000	400 000	-
333	Uteområde skule og barnehagar	1 367 449	2 000 000	1 500 000	-
334	Vangsheimen-nødstraumsaggregat	-	2 800 000	2 800 000	-
335	Rammebudsjett oppgraderingar Vangsheimer	-	1 000 000	1 000 000	-
337	Møbler og AV utstyr Klokkarhaugen	-	250 000	-	-
338	Kjøp av boliger	2 763 870	8 000 000	-	-
339	Lån til kjøp av bil	120 000	-	-	-
531	KLIMASATS - LANDBRUK	-	-	-	129 683
563	Burmavegen	64 839	-	-	-
	Sum investeringer eskl VA - anlegg	28 317 537	57 452 000	57 452 000	16 374 529
65	Grindafjell - infrastruktur/vassforsyning	297 955	-	-	297 955
100	Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell	21 859 099	14 250 000	14 250 000	1 129 389
162	Haugastøl - vassforsyning	-	-	-	324 106
300	Rammebudjett VA	-	5 000 000	5 000 000	1 300 318
313	Vang sentrum -rammeplan VA	31 503 006	20 100 000	20 100 000	3 745 864
329	Grindaheim og Åsvang RA(forprosjekt)	-	1 000 000	1 000 000	-
336	Høgdebasseng Grøvtølen	1 636 811	-	-	-
954	Renseanlegg Vang	41 375	-	-	1 097 250
960	Tyinkrysset ra (2022--)	4 175 206	15 000 000	15 000 000	1 476 124
	Sum investeringar i vatn og avløpsanlegg (VA)	59 513 452	55 350 000	55 350 000	9 371 006
	Brutto utgifter før fondsavsetingar	87 830 989	112 802 000	112 802 000	25 745 533
	Avsetning til bunde investeringsfond	-	-	-	161 656
	Totale investeringsutgifter	87 830 989	112 802 000	112 802 000	25 907 189

Handlingsreglar - finansielle mål

Dei økonomiske resultatane i 2023 vart svakare enn årene 2021 og 2020, men er fortsatt tilfredstillande sett i forhold til vedtekte handlingsreglar knytt til netto driftsresultat, disposisjonsfond og lånegjeld.

Nøkkeltal		Oppnådd	Resultatmål
Netto driftsresultat	14,5 mill	4,5	3,5
Disposisjonsfond	83,2 mill	25,8	15
Lånegjeld ekskl VA	150 mill	46,7	70
Lånegjeld totalt	232,3 mill	72,4	
<i>nemner er brutto driftsinntekter på 321,2 mill kr</i>			

Sjølvkostområdet Vatn og Avløp

2023 Etterkalkyle selvkost	Totalt	Vann	Avløp
Gebyrinntekter	9 050 695	4 265 133	4 785 562
Øvrige driftsinntekter	210 496	0	210 496
Driftsinntekter	9 261 191	4 265 133	4 996 058
Direkte driftsutgifter	7 484 662	3 270 369	4 214 293
Avskrivningskostnad	3 634 295	1 809 884	1 824 411
Kalkulatorisk rente (4,30 %)	4 326 726	2 484 044	1 842 682
Indirekte netto driftsutgifter	756 992	367 525	389 468
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	37 850	18 376	19 473
Driftskostnader	16 240 525	7 950 198	8 290 327
Resultat	-6 979 334	-3 685 065	-3 294 269
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiering	8 755 863	4 679 829	4 076 034
Selvkostfond 01.01	3 242 866	3 150 754	92 112
- Bruk av selvkostfond	-3 242 866	-3 150 754	-92 112
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	0
Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0

Budsjettvedtaket gjort av Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2023 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.


Rekneskapen for 2023 viste imidlertid eitt underskott på 6.979.334 kr medan kommunen hadde innestående fond frå tidlegare år på til saman 3.242.886 kr. Det vart då ein underdekning på 3.736.448 kr i årsrekneskapen for 2023 knytt til dette sjølvkostområdet.

Finans - lånegjeld

Frå og 2015 har lånegjelda vore aukande i kommunen. Samla lånegjeld pr 31.12.2023 er på 232,5 mill kr

Finansar i form av innskot så vel kortsiktig og langsiktig likvititet er pr 31.12.2023 innestående i bank.

Kommunen sitt finansreglement vil bli revidert og oppdatert i 2024. Kommunelovens §14-13 viser til kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko.



Internkontroll

Kommunelova § 25-1:

“Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.»

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Det har vore retta fokus på oppdateringar av skriftlege interne rutiner på ulike område gjennom året 2023 som fortset inn i 2024.

- Det har vore prosessar med innføring av nytt delegeringsreglement .
- Det har tidlegare år vore arbeidd med GDPR for å klargjere organisasjonen for personvernreglane. Vang har gjennomført internkontroll på sine system og nyttar GDPR system som ligg i Kvalitetslosen (Compilo).
- ROS (risiko og sårberhetsanalysene) har vorte gjennomgått i 2023. Kvalitetsiikring og oppretting av ROS-analyser vil blir jobba med inn i året 2024.
- Prosess med omsyn til å utvikle Kommunedirektøren sin overordna internkontroll vart sett i gang i 2023. Arbeidet med dette vil fortsette inn i året 2024.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert område slik dette går fram av økonomiplan-dokumentet. Internkontroll er jamnleg tema på leiarmøter. Fem kommunar i Valdres har samarbeid om personvernrådsgjevar med Vestre Slidre kommune som arbeidsgjevar.

Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg kommunedirektøren vekt på å:

- følge signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
- følge opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. varslingsreglementet.
- byggje og vedlikehalde høg grad av integritet både for administrasjonen og dei politiske organa.

Likestilling og likebehandling

Likestillingslova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.»

Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.»

Gjennomførte tidlegare medarbeidarundersøkingar tidlegare år tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

Lønspolitiske retningslinjer, vedteke av kommunestyret omtalar likeløn: - *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

I kommunen var det 265 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2023 derav 202 kvinner (78%) og 57 menn (22 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antalet.

Jfr § 26 i likestillings- og diskrimineringsloven, første ledd.

Verksemda er omfatta av likestillings og diskriminerlova sine bestemmerler om aktivitetsplikt . Dette betyr at kommunen skal :

- a) *Undersøke om det finnes risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling*
- b) *Analysere årsaker til identifiserte risikoer*
- c) *Iverksette tiltak som er egnet til å motvirke diskrimineringen og bidra til økt likestilling og mangfold i virksomheten*
- d) *Vurdere resultatet av arbeidet etter bokstav a –c*

Vang kommune har fokus på likestilling og oppretthalde av gode arbeidsmiljø i tenesteområda. Oppfatninga er at det er godt arbeidsmiljø og at det er fokus på likestilling og risikoen for evt diskriminering i tenesteområda .

Det er generelt sterkt fokus mest bruk av heiltid i stillingar i kommunen der det lar seg gjere.

HMS og Sjukefråvær

Bedriftshelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitets- plan for bedriftshelsetenesta kvart år.

Å følgje opp rutinane for sjukefråver og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

HMS-system er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «Compilo» som er eit system for avviksbehandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningslinjer.

Sjukefråvær

I 2023 var sjukefråværet på 7,6% mot 7,9 % i 2022